



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Jørgen Aarø, 55 57 20 46

Vår dato
27.01.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/800
Dykkar referanse

Miljødirektoratet
Postboks 5672 Sluppen
7485 Trondheim

Rapportering - Bruk av midlar til rovdyrtiltak i Hordaland 2013

I samsvar med vedtak i rovviltnemnda region 1 fekk Fylkesmannen i Hordaland supplerande tildelingsrev frå Miljødirektoratet 30. mai 2013:

Kap/post	Formål	Budsjett	Forbruk
1427.73	FKT 2013	40 000	30 000
1427.21	FKT tiltak, tenestekjøp og drift	25 500	25 500

I 2013 fekk vi inn ein søknad om midlar til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak mot rovvilt. Fylkesmannen i Hordaland sine utgifter til FKT-midlar gjekk til tiltak for å redusere tap av villsau til kongeørn i Fitjarøyane i Fitjar kommune. Vi har god erfaring frå tidlegare med flytting av dei mest utsette dyra frå kystlyngheia i Fitjarøyane til sauebonden sin innmark i Austevoll kommune. Søkjaren fekk tildelt 30 000 kroner og 10 000 kroner blei heldt igjen til eventuelle akutte situasjonar. Midlane til FKT tiltak, tenestekjøp og drift gjekk til drift av beredskapsordning.

I år har vi fått inn fire søknader om FKT-midlar og tre av desse er knytt til saker der det er påvist tap til rovvilt i 2013. På bakgrunn av dette vil vi be rovviltnemnda i region 1 om ei auke i løyvingane av FKT midlar til Hordaland i 2014.

Med helsing

Stein Byrkjeland e.f.
ass. miljøvernsjef

Jørgen Aarø
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.